

Referat frå møte i FAU, 06.10.22, Samnanger ungdomsskule

Til stades:

8A: Silje Fossdal, Audhild Aadland Olsnes

8B: Hege Steinsland-Hauge, Heidi Fossdal

9A: Kjersti Solemdal

10A: Hilde Tysse, Lena Tveit (siste del av møtet)

10B: Siw-Berit Tveit, Mia-Linn Øpstad-Gjerde

Ikkje til stades:

9A: Anna W. Tveiterås

9B: Svanhild Oldervoll, Kjersti Herland Liøen

Sak 1: Konstituering. Val av leiar og nestleiar

Leiar: Hege Steinsland-Hauge

Nestleiar: Siw-Berit Tveit

Val av representantar til Samarbeidsutvalet SU og Skulemiljøutvalet (SMU)

Representantar til SU og SMU:

Kjersti Solemdal

Silje Fossdal

Sak 2: Korleis opplever FAU-representantane at oppstarten har vore denne hausten.

Kort summing i grupper, gjennomgang i plenum.

Positive tilbakemeldingar:

- Stort sett nøgde elevar
- Positive meldingar frå nye 8. trinn, godt mottekne av medelevar og tilsette
- Oversiktlege planar, elevane har kontroll på kva dei skal gjera
- Gode digitale hjelpemiddel/ opplever at det digitale fungerer
- Dei fleste synest det er positivt med ulike faglærarar
- Elevar i 10. trinn opplever at det var positivt med tur til Evje
- Lunsj i kantina tysdagar

Forbetringsområde:

- Mobbing på eitt trinn. Dette er ei sak skulen jobbar med kontinuerleg og det vert sett inn tiltak. I tillegg er det fokus på førebyggjande haldningsarbeid og danning. Ein del elevar omtalar kvarandre ufint.
- Uro i ein del timar

Sak 3: Status hausten 2022

Rektor orienterte kort om status ved skulen inneverande haust. Her trekte han fram fylgjande punkt:

- Kunstprosjekt på muren ute, ders kulen har samarbeida med kunstnaren Rodrigo Cortez, er snart ferdig. Litt arbeid står att, og skal fullførast i til dømes kust og handverk.
- Oppgradering av kust og handverksavdeling er straks ferdig.
- Det vert gjennomført brukarundersøking for elevar, føresette og tilsette før jul.

Kort gjennomgang av Opplæringslova § 9A-4.

Alle som arbeider på skulen har plikt til å:

- 1) Følgja med
- 2) Gripa inn
- 3) Varsla
- 4) Undersøka
- 5) Setja inn tiltak
- 6) Dokumentera

Skulen har rutinar for arbeidet med trygt og godt skulemiljø. Det er ofte lett for at ein ikkje undersøker nok før ein set inn tiltak. Skal tiltaka vera treffande må ein vera sikker på kva som er årsaka til at ein elev ikkje har det trygt og godt.

Føresette har ansvar for å melda frå til skulen dersom ein får kjennskap til at nokon ikkje har det trygt og godt.

Sak 4: Kva kan arbeidsutvalet gjera for å fremja trivsel på skulen?

Det har vore tradisjon ved skulen at det er rektor som kallar inn til møte. Det er ynskjer vidare at utvalet sjølv tek ansvar for agenda og gjennomfører møta. Rektor stiller gjerne for å orientera eller svara på spørsmål når det er behov.

Foreldreutvalget for grunnopplæringen (FUG) har mykje nyttig informasjon om korleis eit FAU kan fungera. Filmen vart vist i møtet.

[FAU-representant i skolen - Foreldreutvalget for grunnopplæringen \(foreldreutvalgene.no\)](http://foreldreutvalgene.no)

Kva ynskjer FAU ved Samanger ungdomsskule?

- **Fokus på trygt og godt skulemiljø. Det skal vera eit inkluderande miljø både i skulekvardagen og ved andre tilstellingar. Føresette til alle elevane ved skulen må ta ansvar for at skulen er ein trygg plass for alle. Bry deg sjølv om det ikkje gjeld din elev denne gongen!**
- Tett samarbeid med elevrådet. Kva ynskjer elevane og kva vil dei ha hjelp frå FAU til? Leiar i FAU tek kontakt med elevrådskontakt for å avtala møte.
- Auka talet faste møter til to møter haust og to møter vår.
- Skulen ber om hjelp ved til dømes gjennomføring av utedagar. FAU vil bidra.

- Det har vore tradisjon for juleball på skulen. FAU har drøfta nokre utfordringar og ynskjer dialog med elevrådet om mellom anna:
 - Fleire opplever press når et gjeld kleskode. For mange vert kle og «tilbehør» til eit ball ei økonomisk belastning.
 - Uskrivne reglar om at berre dei eldste jentene får gå med lang kjole. Kan det finnast alternative måtar å løysa dette på? Kan det til dømes kallast nyttårsfest der kleskoden vert tona ned? Kva med temafest?
 - Tradisjonelle kåringar kan vera uheldige og ekskluderande.
 - Dersom festen vert lagt til januar vil det gjerne vera lettare å få føresette til å vera vakter?
- FAU ynskjer innspel frå skulen dersom det er noko dei ynskjer utvalet skal bidra med.
- Vurdera å laga eit årshjul der det vart lagt inn fast oppgåver/arrangement osv. der FAU tek del.

Sak 5 Budsjett

Budsjettprosessen for 2023 er under arbeid. Ramma på 12,4 mill. er om lag som 2022 (11,9 mill.).

Elevtalet er det same for neste år: 93 elevar.

Auken er ikkje reell på grunn av mellom anna lønsvekst, prisauke og statlege overføringar i samband med flyktningsituasjonen. Det må difor kuttast for å koma i balanse. Rektor sitt framlegg er at det ikkje vert gratis lunsj ein dag i veka og at skulen ikkje kan tilby arbeidslivsfag for 8. trinn neste haust. FAU synest begge deler er uheldig. FAU vil fylgja budsjettprosessen og bidra dersom det er mogleg. Kan til dømes FAU søkja om diverse midlar til skuleslunsj?

Rektor har søkt om midlar til fylgjande tiltak:

- Nye pultar
- Utstyr til kroppsøvfingsfaget

Sak 6: Saker frå foreldrekontaktar

-Trygt og godt skulemiljø – sjå sak 4

-Måltid i skulen – sjå sak 5.

Sakene vert drøfta vidare i neste møte.

Anna:

-Leiar lagar gruppe for FAU på Facebook

-Referat frå møte i FAU vert lagt ut på skulen si heimeside og sendt føresette via Visma «min skole».

Neste møte i FAU vert torsdag 17. november kl 19.00.